



# Inn på tunet løftet 2

Pilot for skule og pedagogiske tilbod - vidaregåande opplæring

*Sluttrapport 15. desember 2022*



## Føreord

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal søkte hausten 2020 Landbruksdirektoratet om, og fekk innvilga, ein pilot for Inn på tunet-løftet 2 knytt til skule og pedagogiske tilbod innanfor vidaregåande opplæring. Prosjektet er retta mot innkjøparar som i liten grad har nytta Inn på tunet (IPT)-tenester.

Møre og Romsdal har omlag 10 000 elevar i vidaregåande opplæring. Dei fleste av desse går på ein av dei 20 vidaregåande skulane. Oppfølgingstenesta til Møre og Romsdal Fylkeskommune jobbar med omlag 600 ungdomar som ikkje er tilknytt vidaregåande opplæring. Møre og Romsdal har per i dag 22 godkjende IPT-tilbydarar, fordelt over heile fylket med fleire ulike tilbod. Fleire tilbydarar er i godkjenningsprosess. Det er også eit potensiale for fleire tilbydarar, med 2 302 gardsbruk i aktiv drift.

Pilotprosjektet har vore tverrfagleg, og er gjennomført i nært samarbeid med Helse- og sosialavdelinga og Oppvekst- og utdanningsavdelinga hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Kompetanse- og næringsavdelinga i Møre og Romsdal Fylkeskommune har også vore samarbeidspartner, i tillegg til tilbydarnettverket Inn på tunet Møre og Romsdal.

Vi ynskjer med dette å takke alle som bidratt i gjennomføringa av prosjektet!

Molde, 15.12.2022

# Innhald

Mål for pilotprosjektet .....	4
Tverrfagleg forankring .....	5
Styringsgruppe .....	5
Arbeidsgruppe .....	5
Deltakarar i prosjektet.....	5
Overordna forankring.....	6
Tiltak i pilotprosjektet.....	8
Fagdag/webinar for innkjøparar med informasjon om Inn på tunet.....	8
Workshops med fokus på kartlegging .....	9
Workshop 1: Legge grunnlag for ein Inn på tunet pilot - utfordringsbilete .....	10
Workshop 2: Samanheng mellom behov og utfordingar til kjøparar av Inn på tunet-tenester ....	12
Workshop 3: Korleis løyse kjøpar sine behov? .....	17
Møter med aktuelle aktørar for uttesting .....	17
Fylkeskommunen.....	18
Molde kommune - Enhet for rus og psykisk helse.....	18
Molde kommune - Flyktningtenesta.....	18
Molde voksenopplæringsenter.....	19
Barneverntenesta for kommunane Molde, Vestnes og Aukra.....	20
Tøndergård skole og ressurscenter.....	20
NAV Molde.....	21
Uttesting utgår .....	22
Kartlegging av mogelegeheitene for bruk av Inn på tunet som alternativ opplæringsarena .....	22
Informasjon til Ungdomspanelelet .....	23
Fagdag for Inn på tunet-tilbydarar .....	23
Informasjon til vidaregåande skular.....	24
Sluttkonferanse for pilotprosjektet .....	24
Erfaringar frå bruk av Inn på tunet til ungdom med rett på vidaregåande opplæring .....	25
Sunndal vidaregåande skole .....	26
Tingvoll vidaregåande skole .....	26
Oppfølgingstenesta i Møre og Romsdal Fylkeskommune .....	27

Vurdering av kriterie for måloppnåing .....	27
Utfordringar ved førstegongsinnkjøp .....	28
Kjennskap til Inn på tunet .....	28
Økonomi .....	28
Innkjøpskompetanse .....	28
Geografisk plassering og avstand .....	29
Fagleg kvalitet i tilboden .....	29
Kriterie ved val av Inn på tunet-leverandør .....	29
Kostnad og kvalitet ved bruk av Inn på tunet-tenester .....	29
Andre funn .....	30
Prosjektrekneskap.....	30

**Vedlegg:**

- Rapport frå Oxford Research: «Mulighetene for bruk av Inn på tunet som alternativ opplæringsarena»
- Informasjon om Inn på tunet til dei vidaregåande skulane i Møre og Romsdal

## Mål for pilotprosjektet

Målet med pilotprosjektet var å kartlegge mogelege barrierar for val og kjøp av IPT-tenester. Som del av kartlegginga skulle prosjektet hauste erfaringar gjennom ein prosess med kjøp av IPT-tenester for vidaregåande elevar og ungdom som har rett på vidaregåande opplæring. I prosessen skulle ulike brukargrupper definerast, og det skulle utviklast tilbod som skulle testast ut i praksis. Dersom det kom fram at IPT er eit tilbod som dei mogelege kjøparane har behov for, og som leverte på kvalitative krav og er reelt alternativ til allereie eksisterande tenestetilbod, var målet at det skulle etablerast avtalar om kjøp av IPT-tenester.

Det er i [«Regelverk for pilotmidler til Inn på tunet-løftet 2»](#) sett fylgjande kriterie for måloppnåing:

- *Det er kartlagt hvilke utfordringer innkjøper møter ved førstegangsinnkjøp av IPT-tjenester, herunder innkjøpskompetanse og forankring hos rådmenn og kommunesjefer.*
- *Det er kartlagt hvilke kriterier som blir vektlagt ved valg av IPT leverandører.*
- *Det er gjort en vurdering av kostnadene og kvaliteten ved bruk av IPT-tjenester sammenlignet med tilsvarende tilbud.*

# Tverrfagleg forankring

## Styringsgruppe

Styringsgruppa speglar det tverrfaglege arbeidet i pilotprosjektet, med representantar frå Helse- og sosialavdelinga og Oppvekst- og utdanningsavdelinga hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, samt Kompetanse- og næringsavdelinga i Møre og Romsdal Fylkeskommune. I tillegg er tilbydarnettverket Inn på tunet Møre og Romsdal og Kultur- næring og folkehelseutvalet i Møre og Romsdal Fylkeskommune representert.

Medlemar i styringsgruppa:

- Brit Kari Eidseflot Hauger, ass dir Landbruksavd, Statsforvaltaren
  - Frå 01.03.22 prosjektleiar, då Elin Næsje Sætre slutta. Frank Madsøy, landbruksdirektør, vart då leiar av styringsgruppa.
- Kjersti Bakken, ass dir Helse- og sosialavd, Statsforvaltaren
- Liv Aasen, fagleiar Oppvekst- og utdanningsavd, Statsforvaltaren
- Rose Mari Skarset, seksjonsleiar Kompetanse- og næringsavd, Fylkeskommunen
- Kirsti Hjelme Connor, rådgjevar Kompetanse- og næringsavd, Fylkeskommunen
- Henrik Stensønes, leiar Kultur- næring og folkehelseutvalet
- Solveig Haglund, leiar Inn på tunet Møre og Romsdal
- Aina Kirkeland Tangen, Inn på tunet Møre og Romsdal

## Arbeidsgruppe

Arbeidsgruppa har også vore tverrfagleg samansett, med ressurspersonar med nær tilknyting til arbeidet i prosjektet. Helse- og sosialavdelinga og Oppvekst- og utdanningsavdelinga hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har vore representert. Frå Møre og Romsdal fylkeskommune har koordinator for oppfølgingstenesta i Romsdal delteke. Ungdomspanelet i Møre og Romsdal Fylkeskommune var representert med leiaren det fyrste prosjektåret.

Medlemar i arbeidsgruppa:

- Brit Kari Eidseflot Hauger, ass dir Landbruksavd, Statsforvaltaren (prosjektleiar frå 01.03.22)
- Heidi Gudbrandsen, seniorrådgj Helse- og sosialavd, Statsforvaltaren (deltok 2020 – 2021)
- Gunn Risan Nakken, seniorrådgj Oppvekst- og utdanningsavd, Statsforvaltaren
- Terje Lunde, OT-koordinator, Romsdal videregående skole
- Solveig Haglund, leiar Inn på tunet Møre og Romsdal
- Hedda Haugen, leiar ungdomspanelet i Møre og Romsdal (deltok 2020 – 2021)

## Deltakarar i prosjektet

Planen var at piloten skulle gjennomførast saman med kjøparar som i liten grad har nytta seg av IPT-tjenester tidlegare. Det var gjort avtale med desse aktørane:

- Romsdal videregående skole
  - 8-900 elevar, 8 ulike utdanningsprogram
  - Ca 200 elevar på ulike vaksenoplæringsstilbod

- Avdeling for alternativ opplæring (AO) for elevar med behov for ekstra tett oppfølging
- Fannefjord vidaregående skole
  - Tilrettelagt skuletilbod for dei som på grunn av t.d. psykiske, sosiale eller emosjonelle vanskar synast det er vanskeleg å vere elev ved ein stor skule
  - Tilpassar skuletilbodet til den enkelte elev med fagkombinasjonar, mengde og progresjon
- Hustadvika vidaregående skole (trekte seg våren 2021)
  - 450 elevar, 6 ulike utdanningsprogram
  - Fokusskule for minoritetsspråklege elevar
  - Avdeling for alternativ opplæring (AO) for elevar med behov for ekstra tett oppfølging
- Molde voksenopplæringsenter
  - Norskurs
  - Grunnskuleopplæring for vaksne
  - Avdeling for spesialundervisning
- Barneverntjenesten for Molde, Aukra og Vestnes
  - Interkommunal teneste med Molde som vertskommune

Vidare var det gjort avtale med Sunndal vidaregående skole, som hadde erfaring med kjøp av IPT-tenester, for erfaringssdeling med dei andre skulane. Skulen har 300 elevar og 5 ulike utdanningsprogram.

## Overordna forankring

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, ved Helse- og sosialavdelinga og Oppvekst- og utdanningsavdelinga, har sett fokus på barn og unge si psykiske helse. Satsinga er knytt til [«Opptrapningsplan for barn og unges psykiske helse 2019 – 2024», Prop. 121 S \(2018-2019\)](#).

Regjeringa vil synleggjere og bidra til å vidareutvikle tenester knytt til Inn på tunet, som nære og tilpassa tilbod til barnehagar, skular, helse-, sosial- og omsorgssektoren, integrering og arbeidstrening. Regjeringa vil også vidareutvikle kunnskap om effekten av tenester knytt til Inn på tunet, samt naturbaserte og dyrassisterete intervensjonar og tydinga av kontakt med natur og dyr. Ansvaret er lagt til Landbruks- og matdepartementet.

Vidare vart [«0-24 samarbeidet – en innsats for barn og unge»](#) oppretta for å styrke oppfølginga av utsette barn og unge og deira familiar, gjennom auka samarbeid mellom tenestene. Målet var å styrke samarbeidet med barna, ungdomane og familiene deira, og mellom ulike sektorar, forvaltningsnivå, tenester og profesjonar, for saman å finne nye og betre måtar å jobbe på. 0-24 samarbeidet vart avslutta i mars 2021.

Pilotprosjektet er også knytt til Møre og Romsdal Fylkeskommune sin [«Fylkesstrategi for kvalitet i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal 2020-2024»](#). Målet med strategien er å betre kvaliteten i vidaregåande opplæring. Prosjektet er eit tiltak for to av dei prioriterte områda i strategien; «Gjennomføring» og «Arbeid med læring og trivsel».

Prosjektet er gjennomført i samarbeid med [Oppfølgingstenesta](#) i Møre og Romsdal Fylkeskommune. Oppfølgingstenesta (OT) er eit tilbod til ungdom mellom 15-21 år som ikkje går på skule eller jobbar. OT tek kontakt med ungdomar som ikkje har søkt vidaregåande opplæring,

ikkje har tatt imot tildelt elev- eller lærepass, har avbrote opplæringa, eller ikkje er i arbeid. OT skal sørge for at desse får tilbod om opplæring, arbeid eller andre kompetansefremmende tiltak, for at dei skal få studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse innanfor vidaregåande opplæring. OT tilbyr i nokre kommunar i Møre og Romsdal «I UNG», eit tilbod for ungdom mellom 16 og 21 år som har slutta eller ikkje starta på vidaregåande opplæring av ulike årsaker. Målet med «I UNG» er at det skal motivere ungdomane og gje dei betre føresetnad til å gjennomføre vidaregåande skule og/eller skaffe seg arbeid. Gjennom individuell oppfølging av kompetente vaksne, fellesskap med andre ungdomar og tilrettelegging for praksis i ulike yrke, skal «I UNG» bidra til oppbygging av den unge sin motivasjon og meistringsevne.

Alle læreplanar for fag i grunnskulen og vidaregåande opplæring er fornya, gjeldande frå august 2020, kalla Fagfornyelsen. Læreplanverket har tre tverrfaglege tema; demokrati og medborgarskap, berekraftig utvikling og folkehelse og livsmeistring. Dette er ikkje eigne fag, men samfunnsaktuelle tema som inngår i læreplanane der dei er ein sentral del av kompetansen i faget. Folkehelse og livsmeistring skal gje elevane kompetanse som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gjer dei i stand til å ta ansvarlege livsval. I barne- og ungdomsåra er utvikling av eit positivt sjølvbilete og ein trygg identitet særleg avgjerande.

I læreplanverket er det framheva at skulen skal legge til rette for læring for alle elevar, og stimulere den enkelte sin motivasjon, lærelyst og tru på eiga meistring. For å skape motivasjon og læringsglede i undervisninga, trengs eit breitt repertoar av læringsaktivitetar og -ressursar innanfor forutsigbare rammer. Tilpassa opplæring er tilrettelegging som skulen gjer for å sikre at alle elevar får best mogeleg utbytte av den ordinære opplæringa.

Arbeidet med pilotprosjektet er også forankra i «[Landbruksmelding for Møre og Romsdal 2017 – 2021](#)». Eit av tiltaka i meldinga er å synleggjere IPT for aktuelle kjøparar av tenester. Dette er vidareført i Fylkesstrategi landbruk, som skal leggast fram for Fylkestinget i desember 2022.

Statsforvaltaren har også eit tverrdepartementalt oppdrag i vår Hovedinstruks pkt. 5.1.5.3: «Synliggjøre Inn på tunet som aktuelt tiltak innenfor arbeidet på helse-, omsorgs-, utdannings-, arbeids- og sosialområdet, og bidra i gjennomføringen av Inn på tunet-løftet 2.»

Pilotprosjektet har henta informasjon frå den nasjonale rettleiaren kalla «[Inn på tunet - gården som læringsarena for barn og unge](#)». Rettleiaren gjev både IPT-tilbydar og skulen kjennskap til kvarandre sine arenaer, slik at dei får eit felles forankringspunkt for å utvikle eit best mogeleg tilbod til elevane.

«[Veileder for Grønt arbeid i NAV](#)», med tilhøyrande [kravspesifikasjon](#), har vore gjennomgått i prosjektet. Veilederen skal bidra til å kvalitetssikre Grønt arbeid-tiltaka, og har som føremål å gje retningslinjer for fagleg innhald og vere eit verktøy som viser trinna ved igangsetjing og oppfølging av arbeidstilboda.

KS sitt verktøy «[Veikart for tjenesteinnovasjon](#)» har også vore gjennomgått.

Pilotprosjektet kan knytast opp mot FN sitt berekraftsmål nr 3, som skal sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder. Livskvalitet er eit generelt stikkord for ungdomane i målgruppa. Prosjektet kan også koblast til delmål 3.5: «Styrke forebygging og behandling av rusmiddelmisbruk, blant annet misbruk av narkotiske stoffer og skadelig bruk av alkohol.»

## Tiltak i pilotprosjektet

### Fagdag/webinar for innkjøparar med informasjon om Inn på tunet

Ein viktig føresetnad for å kunne kartlegge utfordringane ved innkjøp av IPT-tenester, er at kjøparane har kjennskap til kva IPT er, kva type tenester som vert tilbydd og erfaringar som andre kjøparar av tenestene har. Det første tiltaket i prosjektet var webinar med informasjon om IPT-næringa til deltakarane som er tilknyttt prosjektet. Webinaret vart arrangert 03.03.21, med to timars varigheit.

Prosjektet ynskte orientering frå fleire tilbydarar, for å synleggjere mangfaldet som kan dekke mange typar behov. Vidare ville vi ha ein eller fleire ungdomar som har eller har hatt eit IPT-tilbod, eller føresette, til å formidle sine erfaringar og opplevingar med Inn på tunet tilbod.

Vi erfarte at innanfor skule og pedagogiske tilbod knytt til vidaregåande opplæring, er Inn på tunet-tilbod i dag lite brukt. Å finne nokon som kunne dele sine erfaringar som tilbydarar, som kjøparar i vidaregåande skular og frå ungdomar sin ståstad viste seg å vere ei utfordring.

Prosjektet måtte difor utanfor Møre og Romsdal for å finne nokon som kunne fortelje om sitt tilbod til ungdom, og erfaringar med Inn på tunet tenester til ungdom med rett til vidaregåande opplæring.

To vidaregåande skular delte sine erfaringar om det å bruke Inn på tunet som alternativ læringsarena. Til slutt fekk vi ei orientering om fagfornyinga og moglegheitene i den nye overordna delen av læreplanen, om korleis det kan leggast til rette for å nytte Inn på tunet som alternativ opplæringsarena.

Programmet for webinaret:

- Garden som arena for læring, meistring og trivsel
  - Aina K Tangen og Solveig Haglund, Inn på tunet Møre og Romsdal
- Inn på tunet tilbydarar fortel om garden som læringsarena
  - Sygard Toft i Follebu v/Anne Helene Toft i Vågå
  - Flenstad Besøksgård AS i Åfjord v/Anne Marit og Gunnar Singsaas
  - Akslahaugen gard v/Aina K Tangen i Midsund
- Motivasjon og meistring - Erfaringar frå kjøparar av tenestene
  - Sunndal videregående skole v/Ingunn Haugen
  - Åfjord videregående skole v/May Britt Sundet
- Ny kvardag med Inn på tunet
  - Sett frå ståstaden til føresette til ein ungdom
- Fagfornyelsen og mulighetsrommet i ny overordna del av læreplanen
  - Hilde Meringdal, Møre og Romsdal Fylkeskommune

Fagdagen/webinaret vart i utgangspunktet arrangert for å gje deltakarane i prosjektet - kjøparar som i liten grad har nytta seg av IPT-tenester tidlegare – kunnskap om kva Inn på tunet er. Men webinaret var ope for alle interesserte aktørar, og invitasjon vart sendt til kommunar, landbrukskontor, vidaregåande skular, oppfølgingstenesta, Bufetat og NAV.

Det viste seg å vere stor interesse for webinaret! Det var om lag 50 deltagarar, frå barne- og ungdomsskular, vidaregåande skular, oppfølgingstenesta, PPT, barnevern, flyktningsteneste, NAV, kommunar, omsorgsaktør og Inn på tunet tilbydarar.

Webinaret vart arrangert med praktisk og teknisk bistand frå ProtoMore Innovasjonslab.



Aina K. Tangen fortalte om sitt Inn på tunet-tilbod på Akslaaugen gard i Midsund, frå studio hos ProtoMore Innovasjonslab. F.v. Brit Kari Eidsefot Hauger (Statsforvaltaren), Aina Kirkeland Tangen, Solveig Haglund (Inn på tunet Møre og Romsdal og Elin Næsje Sætre (Statsforvaltaren). Foto: ProtoMore.

## Workshops med fokus på kartlegging


Kartleggingsarbeidet var planlagt m.a. som intervju med aktørane, men skjedde i hovudsak gjennom tre workshops. Deltakarane i prosjektet vart invitert til tre workshops: 25. mars, 21. april og 5. mai i 2021. På grunn av koronarestriksjonar vart det digitale workshops.

På workshopane vart brukaren sitt behov sett i fokus, dvs. vidaregåande elevar og ungdom som har rett på vidaregåande opplæring. Workshopane vart gjennomført i samarbeid med ProtoMore Innovasjonslab. ProtoMore brukar [Design Thinking](#) som verktøy for å utvikle nye løysingar med utgangspunkt i det reelle behovet til brukarane. Gjennom kreativitet, tverrfagleg innovasjon og eit sterkt menneskefokus bidreg metoden til å utfordre tankesett og etablerte sanningar. Metoden har ei tverrfagleg tilnærming, og passa godt til det tverrfaglege pilotprosjektet med partar og interesseristar med ulik erfaring og bakgrunn.

På den fyrste workshopen vart det gjennom empatisering jobba med å forstå og kartlegge behova til ungdomane i målgruppa. I mellomfasen til workshop nr 2 skulle deltakarane skaffe seg meir kunnskap og innsikt, ved t.d. intervju og observasjonar av målgruppa. I den andre workshopen skulle innspela sorterast og systematiserast for å definere dei viktigaste behova. Utifrå behova skulle deltakarane kome fram til konkrete utfordringar som det må jobbast vidare med. I den siste workshopen var målsetjinga å kome fram til 2-3 konsept som kunne testast ut frå hausten 2021, i eit samarbeid mellom kjøparar og tilbydarar av IPT-tjenester på vidaregåande nivå.

I og med fokuset på brukaren, var det eit mål å ha med ein eller fleire deltagarar i workshopane som kunne representere målgruppa, dvs. vidaregåande elevar som har eller har hatt behov for


oppfølging. Det lukkast vi dessverre ikkje med. Men på ein eller fleire workshops deltok representantar frå fylgjande aktørar: Ungdomspanelet, oppfølgingstenesta, kompetanse- og næringsavdelinga i Fylkeskommunen, PPT-koordinator i Fylkeskommunen, kultur- næring og folkehelseutvalet, Romsdal videregående skole (PPT-kontakt, elevteneste og avdelingsleiar for alternativ opplæring), Molde voksenopplæringsenter, barnevernstestenesta for Molde/Aukra/Vestnes, SLT-koordinator i Molde kommune (samordning av lokale rus og kriminalitetsførebyggande tiltak), fagleiar oppvekst, kultur og velferd i Molde kommune, fagleiar skule i Molde kommune, Inn på tunet-tilbydarar, oppvekst- og utdanningsavdelinga og helse- og omsorgsavdelinga hos Statsforvaltaren.



## Workshop 1: Legge grunnlag for ein Inn på tunet pilot - utfordringsbilete

I den første workshopen skulle vi kartlegge kven som var brukar av Inn på tunet-tjenester. Vidare skulle vi prøve å få kunnskap og forstå dei aktuelle brukarane, og kva behov dei ulike brukarane kan ha.

I prosessen kom vi fram til ulike aktørar som legg premissar for bruk av inn på tunet tenester:



Vi kom fram til at aktuelle brukarar av Inn på tunet-tenester kan vere ungdom som er mellom 16 og 21 år. Ungdomen kan enten vere elev på ein vidaregåande skule, eller ein ungdom som ikkje bruker ungdomsretten sin til utdanning, det vil seie er utanfor vidaregåande skule sitt ansvarsområde. Andre aktuelle brukarar av Inn på tunet-tenester kan vere vidaregåande skule og fylkeskommunen som eigar av skulane, NAV, samt kommunale tenester.

I den vidaregåande skulen er læreplanen og fagmåla viktige, og eit spørsmål er om Inn på tunet-tenester kan fylle desse måla? Eller er det dei overordna måla i den nye læreplanen som skal vere avgjerande for om skulen kan nytte Inn på tunet-tenester? Vidare har den vidaregåande skulen lite økonomisk handlerom til å kjøpe eksterne tenester.

NAV har sine retningslinjer for å kunne gje tilbod til ungdomen, og inngår samarbeid om praksisplassar der det er aktuelt. NAV sine tilbod kan kun nyttast dersom ungdomen har permisjon eller har avbrote skulegangen, dvs ikkje er elev.


I etterkant av den første workshopen var det behov for å finne ut meir om kva som er handlingsromet til oppfølgingstenesta. Det var også avdekt behov for meir kunnskap om kva tiltak NAV har i si portefølje, og kva som skal til for at ein ungdom kan nytte seg av NAV sine tiltak.

## Workshop 2: Samanheng mellom behov og utfordringar til kjøparar av Inn på tunet-tjenester

Neste steg var å sjå å kva som fungerer i dag, kva som ikkje fungerer, og kva må vi vite meir om behovet til brukarane.

Dette vart systematisert gjennom kva er status i dag for brukar, tilbydar og kjøpar av Inn på tunet-tjenester.

Noko av informasjonen som kom fram:



## Kva er ungdomen sine behov?

Oppsummert såg vi at nokre ungdomar med utfordringar i eller utanfor skulen treng:

- Å verte forstått - kva vil ungdomen?
  - Auka sjølvkjensle - føle at dei betyr noko og kan bidra i samfunnet
  - Ein arena for meistring - som kan motivere til vidare skulegang
  - Ein arena som kan gje eit pusterom i skulekvarldagen
  - Å unngå stigmatisering og at ungdomen føler seg utanfor fellesskapet

Målet for skulen er å få eleven til å gjennomføre utdanningsløpet. Skulen opplever at det er viktig for eleven å vere ein del av skulemiljøet. Gjennom å bruke alternativ opplæringsarena kan ein få auka stigmatisering, som igjen gjer at eleven opplever utanforskap.

Det vart også fokusert på tidleg innsats for å hindre at eleven fell av ut skulen. Kvifor vente til eleven fell ut av skulen?

I tillegg må det vere klart kva behov Inn på tunet skal dekke for ein ungdom. Skal det vere eit opplæringstilbod? Har ungdomen helseutfordringar og treng eit helsetilbod? Eller har ungdomen utfordringar med å gjennomføre skuledagen, og treng eit meir praktisk retta tilbod i form av aktivitet?

### **Kva er behova til den vidaregåande skulen?**

Den vidaregåande skulen og oppfølgingstenesta ser at Inn på tunet-tenester er eit «verktøy» dei gjerne kan nytte. Utfordringane til elevane/ungdomen er ulik, der nokre treng «ein pust i bakken», medan andre ikkje kjem seg på skulen på grunn av skulevegring. Skulen har behov for fleire alternative verktøy/læringsarenaer som kan skreddarsyast til den enkelte elev/ungdom og behovet eller utfordringa eleven har.

Likevel ser skulen utfordringar med å ta i bruk Inn på tunet i den ordinære skulegangen:

1. Ressurs – Kven og på kva måte skal skulen følgje opp eleven når eleven er på Inn på tunet-tilbodet?

Det er læraren sitt ansvar å følgje opp elevane og finne alternativ opplæringsarena dersom det er aktuelt. Å ta ut ein elev frå skulen for å gje alternativ opplæring bør derfor ikkje vere meir ressurskrevjande.

2. Alternativ læringsarena - Kva skal inn på tunet tilbodet vere?

I dag er det eit krav at tenester som skulen skal nytte, må ha eit fagmål eller kompetanse mål etter krava i læreplanen. Inn på tunet kan brukast til dei tverrfaglege tema i den overordna delen i den nye læreplanen, «Fagfornyelsen», som går på livsmeistring og folkehelse, demokrati og medborgarskap og berekraftig utvikling.

Ca 95 % av alle ungdomar mellom 16 – 21 år brukar ungdomsretten sin, og får vitnemål eller fagbrev. Læreplanen og kompetansekrava gjer det vanskeleg å nytte Inn på tunet-tenester i den ordinære skulekvardagen.

Dei resterande 5 % av ungdomane er det oppfølgingstenesta sitt ansvar å følgje opp og prøve å finne tiltak som kan passe. Målet er få desse ungdomane tilbake i skulen slik at dei får fullført vidaregående skule med vitnemål eller kompetansebevis og fagbrev.

Romsdal videregående skole, som har bidratt med kunnskap i prosjektet, har eit godt ressursteam som trer inn når ein elev får utfordringar, for å prøve å hjelpe eleven vidare. I ressursteamet inngår helsesjukepleiar og PPT-rådgjevar på skulen. I tillegg er oppfølgingstenesta tett på. NAV har eigen rådgjevar/Ungdomskontakt på dei største vidaregåande skulane i fylket. Dette gjer at skulen lett får kontakt med ulike instansar for å finne tiltak som kan løyse eleven sine utfordringar.

Gjennom «I ung» tiltaket samarbeider fylkeskommunen med arbeidstiltaksbedrifter. Der har fylkeskommunen nokre plassar som oppfølgingstenesta kan tildele aktuelle ungdomar.

Oppfølgingstenesta samarbeider tett med NAV og næringslivet med å finne læreplassar eller praksisplassar. Det er ein stor fordel at NAV har Ungdomskontakt som jobbar på skulen og er ein del av ressursteamet til skulen. Ikke alle vidaregåande skular har eigen NAV-kontakt, og dette

kan gjere tiltaksprosessen meir utfordrande sidan oppfølgingstenesta må kontakte ulike NAV-rådgjevarar ved dei mindre NAV-kontora.


Likevel ser oppfølgingstenesta at dei kan ha elevar med andre behov enn dei aktuelle tilboda oppfølgingstenesta har i dag. Inn på tunet kan vere aktuelt tiltak til desse ungdomane, der kontakt med dyr og fysisk aktivitet kan skape motivasjon, meistring og gje auka sjølvkjensle. Dette kan vere med å bidra til at ungdomen søker seg tilbake til skulen.

### 3. Rolleavklaring - Kven har ansvaret for eleven/ungdomen og kven skal betale?

Kostnaden ved eit alternativ opplegg vil også vere avgjerande for om det er aktuelt. Kvar vidaregåande skule har sitt eige budsjett og har ikkje øyremerka midlar som kan nyttast til tiltak som t.d. Inn på tunet. Alternative tiltak kan derfor i svært liten grad nyttast utover det skulen sjølv kan tilby, då det vil gå utover dei resterande elevane i klassa/gruppa.

I tillegg har vi ungdomar som ikkje startar på den vidaregåande skulen, eller fell ut av skulen gjennom skuleåret. Kven har då har det overordna ansvaret? Er det foreldre/føresette? Eller er det kommunen? Og dersom det er kommunen, korleis har kommunen plikt til å yte hjelp?

Kunnskapsbiletet etter dei to første workshopane er at det er fleire aktørar som har ansvar for ein ungdom mellom 16-21 år:



Ansvaret for eleven/ungdomen vil variere, avhengig av om ein ungdom er ein elev under utdanning ved ein skule, eller ikkje er under utdanning/har takka nei til elevplass.

**Rollefordeling: Ungdom som er elev i vidaregåande skule**

For ein ungdom som er elev i vidaregåande skule er det fylkeskommunen som har ansvar for eleven til han har fullført skulegangen. Romsdal vidaregående skole som deltek i prosjektet, har eit ressursteam der lærar, rådgjevar, PPT-kontakt, helsejukepleiar, oppfølgingstenesta og NAV sin ungdomskontakt er med. Dersom eleven får utfordringar i skulekvardagen som til dømes mykje fråvær, vil skulen sitt ressursteam prøve å finne ei løysing som kan hjelpe eleven med å fullføre utdanningsløpet sitt. Her vil tiltaka variere alt etter kva utfordring eleven har. Skulane har ikkje ekstra midlar som kan nyttast, men må bruke av eigne tildelte midlar. Skulen har midlar som skal nyttast til alternative opplæringstiltak, men sidan desse midlane er avgrensa, bør dei helst nyttast på fleire elevar samtidig, slik at dei får mest nytte av midlane.

Å bruke Inn på tunet i ordinært utdanningsløp ser dei på som særslig utfordrande. Dette fordi læreplanen har krav til læring og at tiltaket gjerne berre kan nyttast av ein elev. Likevel ser skulen at dei gjerne kunne ha nyttat Inn på tunet til elevar som treng «ei pause» frå fag som er krevjande og utfordrande for eleven å fullføre. Å få ei meir praktisk tilnærming til faget kan gjere at eleven opplever meistring og får motivasjon til å fullføre.

**Rollefordeling: Ungdom som ikkje er elev i vidaregåande skule**

Dersom ein elev ikkje møter opp på skulen, eller avsluttar skulegangen, har ikkje skulen lenger eit ansvar. Ungdomen kjem under oppfølgingstenesta, som har ansvar for å finne eit alternativ eller eit tiltak som gjer at ungdomen kjem tilbake til skulen og får fullført, eller går i opplæring i ei bedrift og kan få fagbrev.


Oppfølgingstenesta har ulike alternativ som kan vere aktuelle. Det kan vere at ungdomen har valt feil studie og treng hjelp til å finne ei utdanning som passar betre. Nokre elevar treng å få praksis gjennom arbeidsmarknadstiltak eller lærebedrift. Oppfølgingstenesta har avtale med arbeidsmarknadsbedrifter der aktuelle elevar kan få oppfølging.

Sjølv om oppfølgingstenesta har ulike «verktøy i verktøykassa», har tenesta nokre ungdomar som dei ikkje finn eller har tiltak til. Det er ofte knytt til skulevegring og psykiske plager som angst og depresjon. Nokre kan ha fysiske utfordringar som gjer at dei ikkje får fullført utdanningsløpet sitt. Utfordringa er at dei gjerne treng tettare oppfølging, gjerne ein til ein.


NAV har tiltak som kan nyttast av ungdomar som har takka nei til elevplass i den vidaregåande skulen. For å kunne nytte NAV sine tenester må ungdomen sjølv ta kontakt med NAV. Det kan for nokre ungdomar vere ei utfordring. NAV kan inngå avtale om praksisplass eller utplassering i lærebedrift. Ungdomar som nyttar seg av NAV sine tiltak kan få kompetansebevis gjennom lærebedrifter.

Sidan verken fylkeskommunen eller NAV har ansvaret for desse ungdomane, vert det peika på kommunen sitt ansvar for sine innbyggjarar. Her kan det vere uklart kven som har ansvar for å skaffe ungdomen eit tiltak som kan gjere at ungdomen opplever meistring og får motivasjon til å fullføre vidaregåande skule og får vitnemål eller fagbrev.

Oversikt over aktørar og deira ansvar for ungdomen er vist nedanfor:



### Oppfølgingsteneste på vgs



## Workshop 3: Korleis løyse kjøpar sine behov?

Gjennom dei to første workshopane jobba vi med å forstå utfordringsbilete og behov til ungdomen. Dette vart sett i samanheng med kva behov og utfordringar kjøparen av Inn på tunet-tenester har.

Etter kartlegginga og kunnskapen vi fekk gjennom workshopane, ser vi at mykje av utfordringa ligg i rollefordeling mellom dei ulike aktørane som er rundt eleven/ungdomen. Så lenge ungdomen er elev i den vidaregåande skulen, er det fylkeskommunen sitt ansvar å gje eit tilbod til eleven. Dersom ein elev får utfordringar i skulen, vert det sett i gang prosessar for å finne alternativ som kan vere aktuelle. Skulen har eige ressursteam der både lærar og rådgjevar ved skulen, samt PPT-kontakt og helsejukepleiar er med. Oppfølgingstenesta er knytt tett til desse teama. I tillegg har skulen ungdomskontakt frå NAV. Dette lettar samarbeidet overfor NAV, dersom det er eit alternativ for ungdomen.

Dersom ungdomen ikkje er elev ved ein vidaregåande skule, vert ansvaret for ungdomen flytta til oppfølgingstenesta. Oppfølgingstenesta må då samarbeide med NAV heimkommune for å finne eit alternativ som kan motivere til å fullføre vidaregåande utdanning.

Som følgje av utfordringa knytt til rollefordelinga og ansvaret for ungdomen/elev, er vi over i neste utfordring: det økonomiske ansvaret, det vil seie kven skal betale for tenesta. Med eit tilmålt budsjett for den enkelte skulen, er rammene for ekstraordinære tiltak liten gjennom skuleåret. Skulane prøver i stort sett mogleg grad å finne alternative løysingar gjennom eigne tiltak, og skal eit eksternt tiltak nyttast, bør det kunne brukast av fleire elevar så kostnaden ikkje vert så stor per elev.

Oppfølgingstenesta har ikkje økonomiske rammer som dei kan nytte til tiltak. Oppfølgingstenesta i Møre og Romsdal har eit eige tiltak som heiter «I Ung» hos ulike arbeidsmarknadsbedrifter. Dette er eit lavterskelttilbod som har som mål å motivere, karriereveilede og tilby praksis til ungdom, med mål om at dei skal kome tilbake til vidaregåande opplæring.

Oppfølgingstenesta har likevel nokre ungdomar som dei ikkje klarer å finne eit aktuelt tilbod til, eller som ikkje er i stand til å nytte «I Ung». Her kan Inn på tunet-tenester vere aktuelle, men då må det finnast økonomiske midlar.

Ønsker ungdomen å nytte seg av NAV sine tilbod, skjer det ved å inngå avtale med NAV.

Vidare må føremålet med å bruke Inn på tunet-tenester i den vidaregåande skulen vere klarlagt. Korleis skal det forankrast i måla i læreplanen? I den overordna delen av læreplanen, eller skal det knytast til fagmåla i utdanninga?

Ei anna utfordring som kom opp i workshopen er knytt til mobilitet. Skulen ligg ofte sentralt i kommunen, medan både tilbydar og ungdom kan bu langt unna skulen. Kanskje er det heller ikkje godkjende Inn på tunet-tilbydarar i kommunen. Eit anna moment knytt til mobilitet, er om ungdomen er i stand til å nytte kollektiv transport, og om der er kollektiv transport til tilbydaren.

## Møter med aktuelle aktørar for uttesting

Målet med pilotprosjektet var å kartlegge mogelege barrierar for val og kjøp av IPT-tenester. Som del av kartlegginga skulle prosjektet hauste erfaringar gjennom ein prosess med kjøp av IPT-tenester for vidaregåande elevar og ungdom som har rett på vidaregåande opplæring. I perioden

juni – september hadde prosjektleiar og leiar av styringsgruppa møter med aktørar som kunne vere aktuelle for å teste ut kjøp av Inn på tunet-tenester.

## Fylkeskommunen

Fylkeskommunen tildeler ei økonomisk ramme til dei vidaregåande skulane i fylket. Det er dermed opp til enkelte skulen å budsjetttere og disponere sine tilgjengelege midlar. Vidare er det skulen sitt ansvar å velje, og finne fram til innhald, aktivitetar, arbeidsmåtar og læringsarenaer som bidreg til oppfylling av kompetanse måla.

Oppfølgingstenesta er ei fylkeskommunal teneste skal sørge for at alle ungdomar som ikkje er i opplæring eller arbeid får tilbod om dette eller andre kompetansefremjande tiltak, eventuelt ein kombinasjon av desse. Tenesta arbeider med og for ungdom som har rett til vidaregående opplæring til og med det året dei fyller 21 år. Oppfølgingstenesta samarbeider med fylkeskommunale, kommunale og statlege instansar som også har ansvar for ungdom.

## Molde kommune - Enhet for rus og psykisk helse

Molde kommune si eining for psykisk helse og rus har lågterskeltilbodet «Rask psykisk helsehjelp» til alle over 16 år som slit med ulike lettare psykiske plager. Eininga opplever at «Rask psykisk helsehjelp» er godt kjent blant ungdomane, og mange ungdomar nyttar seg av tilbodet. Rask psykisk helsehjelp har tett kontakt med miljøveileder og oppfølgingstenesta på dei vidaregåande skulane. I tillegg har dei timer om rus og psykisk helse på dei ulike trinna i vidaregåande skule, og gjev råd til skulen når det er aktuelt.

Sidan eininga for psykisk helse og rus jobbar direkte mot brukarane, er dei ikkje aktuell kjøpar av Inn på tunet-tenester. Dei kan delta i ei ressursgruppe rundt ungdomen, dersom skulen har behov for det ved kjøp av Inn på tunet-tenester.

## Molde kommune - Flyktningtenesta

Flyktningtenesta i Molde kommune skal busetje flyktningar som kjem til kommunen. Det kan vere kvoteflyktningar eller asylsøkarar, med stor spreiing i alder.

Gjennom introduksjonsprogrammet skal flyktningane lære norsk og samfunnsfag. Dette skjer i eit samarbeid mellom flyktningtenesta og Molde voksenopplæringsenter. Dersom dei skal inn i vidaregående opplæring får den vidaregående skulen oppfølgingsansvaret, på lik linje med andre elevar ved skulen.

Dersom flyktningen ikkje skal starte på vidaregåande skule, samarbeider dei med NAV for å skaffe arbeidspraksis eller jobb, eventuelt andre aktuelle tilbod hos NAV.

Molde flyktningteneste er opptatt av å sjå heile mennesket, og skape trygge arenaer for å oppnå best mogleg integrering.

Mange av flyktningane manglar vitnemål frå grunnskule og/eller vidaregåande skule. Dersom flyktningen går gjennom grunnskule eller vidaregåande skule og får i eit eller fleire fag «ikkje vurdert» på grunn av til dømes manglande oppmøte, misser flyktningen «utdanningsretten» sin og har ikkje rett til å starte på vidaregåande utdanning.

Inn på tunet-tilbod kan vere eit alternativ for å styrke språklæringa til flyktningane, samtidig som dei tek fag i grunnskulen for å få bestått og få vitnemål.

Flyktningtenesta i Molde kommune har nytta Inn på tunet-tilbod til nokre flyktningar der det er spesielle behov som må ivaretakast.

Frå 1. januar 2022 tok fylkeskommunen over ansvaret frå vaksenopplæringa for språkopplæring til flyktningane i den vidaregåande skulen.

## Molde voksenopplæringssenter

Molde voksenopplæringssenter tilbyr grunnskulepensum (norsk, matematikk, engelsk, samfunnsfag og naturfag) i hovudsak til ungdom i alderen 16 – 24 år.

Grunnskulen skal i utgangspunktet gjennomførast på maksimalt tre år. Dette vil variere etter kva skulegang dei har frå før, og nokre kan bruke opptil fem år på grunnskulen. I perioden med grunnskulegang samarbeider voksenopplæringa med flyktningtenesta. Voksenopplærings-senteret ser at grunnskule på tre år er krevjande og skuletimane trengs til undervisning.

Voksenopplæringa meiner det er lite rom for alternativ opplæringsarena. I tillegg er økonomien ei utfordring.

Voksenopplæringa tilbyr også grunnskulepensum til vaksne over 24 år. Dei merkar ein aukande etterspørsel av grunnskuleutdanning til denne aldersgruppa, der fleire tek grunnskulen på deltid. Årsaka er at dei over 24 år treng gjennomført grunnskule for å kome seg i arbeid eller få seg arbeidspraksisplass og liknande.

Når elevane er ferdig med grunnskulen og skal inn i vidaregåande skule, har ungdomane mellom 16 og 24 år ungdomsrett og søker på lik linje med andre ungdomar. Det er ei utfordring dersom ungdomen har ein karakter som «ikkje vurdert» på grunn av fråvær eller andre årsaker. Då er vitnemålet ikkje godkjent, kan dermed ikkje søke seg inn i vidaregåande skule. Voksenopplæringa ser at Inn på tunet kan vere eit alternativ for nokre av desse ungdomane dei dagane dei ikkje er på skulen. Er dei ferdige med fem år introduksjonsprogram, er utfordringa at dei ikkje lenger får bistand frå flyktningtenesta, og må sjølve søke hjelp hos NAV.

Dei vaksne over 24 år som er ferdige med grunnskulen og vil søke på vidaregåande skule, kan ha store problem med å få plass fordi dei står bak ungdomar med ungdomsrett.

Ei felles utfordring for begge gruppene er at dei ikkje kjem inn på det dei har lyst å utdanne seg til, eller på studierettingar som ligg langt frå heimstaden. Dette kan føre til manglande motivasjon til å fullføre og i verste fall føre til utanforskap, på linje med norske ungdomar i same situasjon.

Voksenopplæringssenteret ser at eit integreringstilbod på dagtid og/eller kveldstid kan vere eit positivt tiltak som kan fange opp og inkludere elevar som er under opplæring og kan vere med på å hindre utanforskap. Inn på tunet-tilbod kan vere eit av fleire alternativ som vil bidra til norskopplæring og kunnskap om det norske samfunnet, i tillegg til å kunne opparbeide seg nettverk.

## Barneverntenesta for kommunane Molde, Vestnes og Aukra

Barn og ungdom som barnevernet har ansvar for er i alderen 0-18 år, men ungdomane kan få utvida hjelp til 25 år når dette vert innvilga ved søknad. Barneverntenesta jobbar på tvers med andre avdelingar i kommunane som PPT, helse, skule osv. for å finne tiltak som er det rette for barnet/ungdomen.

Barnevernet i Molde, Aukra og Vestnes er delt inn i grupper etter kva aldersgruppe dei er ansvarleg for. Når dei får inn ei bekymringsmelding, har dei plikt til å finne ut kva tiltak som skal setjast inn, etter kva utfordringar der er i omsorgssituasjonen rundt barnet/ungdomen. Dei ser det som svært viktig med tidleg innsats, slik at dei kan unngå at barna/ungdomane kjem i fosterheim eller institusjonsplass.

Det vert jobba mykje med rus og åtferdsproblem, og heimar utan god nok omsorg. Det er viktig at tiltaka gjev ei kjensle av meistring og at dei har positive verknader.

Barnevernet ser at dei kan nytte Inn på tunet-tenester. Alle som skal tilby tenester til barnevernet må ha politiattest. For å kunne nytte eit Inn på tunet-tilbod må dette skreddarsyast til behovet som barnet eller ungdomen har på gjeldande tidspunkt. Her vil pris, reiseavstand og krav til tilleggskompetanse vere avgjerande for om det blir valt eit Inn på tunet-tilbod eller eit eige tilbod som barnevernet har etablert, som til dømes avlastingsheim eller besøksheim. Mange ungar vert slitne av mykje reising til og frå tilboden, og i desse tilfella kan det vere aktuelt med eit tilbod som inkluderer overnatting.

Barnevernet kan ha barn/ungdomar som bur i andre kommunar eller fylke, så lett tilgjengeleg oversikt over aktuelle tilbydarar som dei kan kontakte ved behov er ynskjeleg. Oversikta må gjerne vise kva teneste tilbydar kan yte, slik at barnevernet lett finn den rette tilbydaren som svarar til ønska som barnet/ungdomen har.

## Tøndergård skole og ressurscenter

Tøndergård skole er interkommunal og tilbyr opplæring til elevar med ulike lærevanskar frå 1. klasse til og med vidaregåande opplæring. Dei har elevar frå elleve kommunar i Møre og Romsdal og samarbeider med ulike avdelingar i kommunane som PPT, barnevern, ulike barne- og ungdomsskular, NAV og fylkeskommunen. Skulen tilbyr også rettleiingsteneste der dei reiser ut og rettleiar andre skular som har elevar med utfordringar som kjem inn under Tøndergård sitt spesialfelt.

I tillegg har skulen internat for elevar som har ekstra behov for oppfølging.

Undervisninga er tilpassa den enkelte elev sine behov, der det vert laga individuelle opplæringsplanar i samarbeid med spesialpedagogar, med bakgrunn i vedtak om spesialpedagogisk undervisning.

Skulen brukar i dag ulike arenaer til læring for at elevane skal oppleve meistring og auka sosiale ferdigheiter. Ulike arenaer som vert brukt er ridestall for terapi med hest, turar i naturen og på sjøen, og ulike «rom» for sansestimuli.

Tøndergård skole såg at Inn på tunet-tilbod kan vere ein alternativ læringsarena for sine elevar, gjerne som eit ettermiddagstilbod eller avlastningstilbod i helgane. Skulen såg også at det kunne vere ein alternativ læringsarena for elevane, men transport kan vere ei utfordring. Fleire av elevane har lang skuleveg og då vil endå ein transportetappe vere ei utfordring.

Tøndergård skule tilbyr vidaregåande opplæring til nokre elevar, der dei går ut med grunnkompetanse og får kompetansebevis. Denne gruppa av elevar har minka dei seinare åra fordi fylkeskommunen har bygd opp alternativ opplæring på nokre av sine skular, blant anna Romsdal vidaregåande skule og Hustadvika vidaregåande skole.

## NAV Molde

NAV Molde har ei avdeling som jobbar opp mot ungdom og unge vaksne som ønsker hjelp for å kome seg i arbeid. Dei poengterer at det er frivillig å søke hjelp hos NAV.

Avdelinga har eigne rettleiarar som jobbar tett mot oppfølgingstenesta og seier at mange av ungdomane kjem i kontakt med NAV via oppfølgingstenesta eller gjennom skulen. Dette fordi NAV Molde har to rettleiarar som har kontorplass på vidaregåande skule, som gjer det lettare for ungdomen å ta kontakt med dei.

I tillegg er NAV Molde avhengig av å jobbe tett opp mot andre avdelingar i kommunen, sidan dei som ønsker bistand ofte kan ha samansette problem som psykiske og fysiske utfordringar eller rus. Foreldre/pårørande er også ein viktig samarbeidspart når dei skal finne aktuelle tiltak til ungdomen.

NAV Molde bistår med å finne eit arbeidstrenande tiltak. Det er individuelle løp som skal leie til at ungdomen til slutt skal oppnå kompetanse som fagbrev og få seg fast arbeid, eller søke vidare utdanning som kan føre til kompetansebevis eller fagbrev.

For aldersgruppa 16-21 år er der eit skilje ved 18 år. Er du under 18 år får ikkje ungdomen støtte frå NAV når dei nyttar ein arbeidspraksisplass. Det vil derimot ein over 18 år få. Bedriftene som har ungdomen i arbeidspraksis deltar i ein sosial dugnad og får dekt utgifter knytt til ungdomen. Gjennom å bruke ungdom på arbeidspraksis kan bedriftene få tak i viktig arbeidskraft i eit lengre perspektiv.

I dag nyttar NAV Molde Inn på tunet-tenester til to ungdomar. Den eine har ein arbeidspraksisplass, der målet er at han etter kvart skal verte klar for vidare skulegang. Den andre ungdomen er lærling gjennom fylkeskommunen sitt lærlingkontor.

Sidan NAV berre kan nytte seg av arbeidsretta tiltak, har dei ikkje handlingsrom for å kjøpe Inn på tunet-tenester. Dei ser likevel at dei kan nytte Inn på tunet-gardar som bedriften knytt til arbeidstreningsstiltak. Ulempa for Inn på tunet-tilbydaren er at han berre får dekt nødvendig utstyr som ungdomen treng til praksisen sin. NAV har ei mentorordning som er knytt til arbeidstrenings, med lønstilsikt til tilbydaren. For at dette skal fungere er tilbydaren avhengig av å ha anna tilbod på garden, som til dømes pedagogiske tilbod eller demensomsorg, som kan knytast til ungdomen si utdanning.

## Uttesting utgår

Hausten 2021 måtte prosjektleiinga erkjenne at det var vanskeleg å få testa ut/pilotere kjøp av Inn på tunet tenester i den vidaregående opplæringa som ynskjeleg. Det var i prosjektet også planlagt å få ei vurdering av kostnadane og kvaliteten ved bruk av Inn på tunet-tenester samanlikna med tilsvarande tilbod, gjennom intervju og spørjeundersøking til aktørar som nyttar tenestene. Dette let seg heller ikkje gjere, då det vart avdekt at Inn på tunet-tenester er svært lite brukt i vidaregående opplæring i Møre og Romsdal.

På denne bakgrunnen vart det bedd om møte med Ann-Kathrin Billing i Landbruksdirektoratet for å informere om status i piloten. Møtet vart gjennomført 04.11.21. Landbruksdirektoratet orienterte styringsgruppa for Inn på tunet-løftet 2 i desember 2021. Vi fekk tilbakemelding om at det var stor aksept for at ikkje alle pilotprosjekt kan forventast å gå på «skinner». Styringsgruppa såg ikkje annan innfallsvinkel eller måtte å løyse oppgåva på.

Det vart då beslutta å gjennomføre ei kartlegging av mogelegheitene for bruk av Inn på tunet som alternativ opplæringsarena hos dei vidaregåande skulane i Møre og Romsdal. Dette låg ikkje inne som tiltak i opprinnelige prosjektplan.

## Kartlegging av mogelegheitene for bruk av Inn på tunet som alternativ opplæringsarena

Kartlegginga vart lagt ut på anbod i Doffin 17.12.21, med tilbodsfrist 31.01.22. Det kom inn 6 tilbod. Av desse vart Oxford Research valt til å gjere kartlegginga. Rapporten vart levert 15.08.22, og er vedlagt. Rapporten er også lagt ut på Statsforvaltaren sine [nettsider](#).

Oxford Research gjennomførte ei to-delt datainnsamling:

1. Breiddestudie gjennom elektronisk kartleggingsskjema retta mot Elevtenesta, PPT, Oppfølgingstenesta og skuleleiing. Føremålet var å få oversikt over kunnskap om Inn på tunet som alternativ opplæringsarena og mogelegheiter for utvikling av Inn på tunet-tenester i vidaregående opplæring.
2. Dybdestudie gjennom kvalitative intervju med skuleleiarar, elevteneste, PPT og Oppfølgingstenesta i fylkeskommunen. Føremålet var å belyse ulike perspektiv om Inn på tunet som alternativ opplæringsarena.

15 av i alt 20 vidaregåande skular i fylket var representert i kartlegginga, noko som utgjer 75 % av skulane.

Nedanfor ei kort oppsummering:

### «Kartleggingen har konsentrert seg om følgende hovedtematikker:

- Hvordan blir IPT brukt av videregående skoler i Møre og Romsdal i dag?
- Hvilke barrierer og muligheter for bruk av IPT finnes hos skolene?
- Hvilke tiltak bør gjøres for å legge til rette for økt bruk av IPT som tilbud i de videregående skolene?

### Kartleggingen har følgende hovedfunn:

- IPT er lite brukt i den videregående opplæringen i Møre og Romsdal i dag. Flere av skolene mangler kjennskap til hvordan tilbuet fungerer i praksis. Både i forhold til

individuell tilpasning rundt elevens behov samt hvordan det pedagogisk og faglig forankres i læreplanverkets kompetanse mål.

- Majoriteten av skolelederne vi har intervjuet, opplever IPT som et dyrt tilbud å kunne tilby til den enkelte elev. Skolens ressurser er knappe, og midler for tilrettelegging skal fordeles på alle elever med et tilretteleggingsbehov. I tillegg er det stor geografisk avstand mellom mange av de videregående skolene og IPT-tilbydere. Tilbuddet oppleves derfor av noen som lite tilgjengelig.
- Det er positive erfaringer og tilbakemeldinger fra de skolene som benytter seg av IPT-tjenester. Flere informanter ønsker å ta IPT i bruk, men peker på at dette i høy grad avhenger av finansieringsmuligheter og at skolene får informasjon og kunnskap om hva dette tilbuddet kan gi eleven.

**Kartleggingen gir følgende anbefalinger:**

- Systematisk arbeide med å øke kjennskapen til Inn på tunet.
- Utrede mulighetene for å etablere en finansieringsordning for bruk av alternative opplæringsarenaer.
- Øke kunnskapen om måloppnåelsen og virkningene ved bruk av alternative opplæringsarenaer.»

## Informasjon til Ungdomspanelet

Prosjektleiar deltok digitalt på møte med Ungdomspanelet i Møre og Romsdal 17.10.22. Ungdomspanelet er arbeidsutvalet til ungdommens fylkesting. Det vart vist film som fortel kva eit Inn på tunet-tilbod er, orientert om arbeidet med pilotprosjektet, samt kartlegginga av mogelegheitene for bruk av Inn på tunet som alternativ opplæringsarena.

## Fagdag for Inn på tunet-tilbydarar

Det var i prosjektplanen planlagt to fagdagar: Ein fagdag med fokus dialog om lovverk og fagleg kvalitet med mogelege kjøparar og aktørar som kan initiere kjøp av IPT-tenester, samt etablerte og interesserte IPT-tilbydarar. I tillegg ein fagdag for tilbydarane om offentlege strategiar og mål for tenesteyting. I og med at det var vanskeleg å få testa ut/pilotere kjøp av Inn på tunet tenester i den vidaregåande opplæringa som ynskjeleg, vart det kun arrangert fagdag for Inn på tunet-tilbydarar.

Etablerte Inn på tunet-tilbydarar og andre interesserte vart invitert til fagdagen. Tema var kunnskap om det offentlege som innkjøpar og korleis gjere det lett for kjøpar av tenestene. Mogelegheitsromet for Inn på tunet i oppvekstreforma og gjennom det å verte godkjent som lærebedrift var også i fokus. Vidare var mogelegheitene for bruk av Inn på tunet i vidaregåande opplæring naturleg tema.

Fagdagen vart arrangert 19.10.22. På grunn av sjukdom vart det ein del forfall, men der var 20 deltakarar. Om lag halvparten var etablerte tilbydarar og resterande var interesserte i å starte opp. Dette vart ein fin møteplass for erfaringsutveksling, i tillegg til fagleg oppdatering.

Programmet for fagdagen:

- IPT Møre og Romsdal og IPT Norge – kven er vi.

- Solveig Haglund, IPT Møre og Romsdal og Hege Lindstrøm, IPT Norge
- Barnevernreformen, også kalla oppvekststreformen, har som mål at fleire utsette barn og familiar skal få den hjelpe dei treng på eit tidleg tidspunkt. Målretta, tverrfagleg innsats trengs for å nå måla. Kan IPT ha ei rolle her?
  - Liv Aasen, Oppvekst- og utdanningsavdelinga, Statsforvaltaren
- Mogeleighetene for bruk av IPT som alternativ opplæringsarena – presentasjon av kartlegging i Møre og Romsdal
  - Oxford Research
- Kva skal til for å verte godkjent som lærebodrift?
  - Åse Vatne Riks fjord, Opplæring i bedrift, Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Korleis forstå det offentlege som innkjøpar?
  - Arnt Ove Hol, Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Korleis gjere det lett for kjøpar av IPT-tenester? Slik gjer vi det!
  - Line Stølan, Stall Stølan, om samarbeidet med Tingvoll vgs
  - Veronica Reinås, Eikra gard, Stjørndal.
- Kva må til for auka bruk av IPT i vidaregåande opplæring?
  - Jorunn Dahle, Møre og Romsdal Fylkeskommune

Omtale av fagdagen ligg på Statsforvaltaren si [nettside](#), saman med innleiarane sine presentasjonar.

## Informasjon til vidaregåande skular

Oxford Research si kartlegging av mogeleighetene for bruk av Inn på tunet som alternativ opplæringsarena viste at Inn på tunet er relativt lite kjent hos dei vidaregåande skulane i fylket. Det vart difor utarbeidd ei informasjonsbrosjyre, med bistand frå Fjordhagen AS. Brosjyra vart sendt ut av Rose Mari Skarset, seksjonsleiar i Kompetanse- og næringsavdelinga i Fylkeskommunen, til dei vidaregåande skulane i fylket. Brosjyra er vedlagt rapporten.

## Sluttkonferanse for pilotprosjektet

Saman med dei tre andre pilotprosjekta i Inn på tunet løftet 2, vart det arrangert ei Inn på tunet-veke i veke 45. Der hadde pilotane kvar sine to timers digitale sendingar. Vår pilot arrangerte digital sluttkonferanse 09.11.

Målgruppa var aktuelle kjøparar av Inn på tunet-tenester. Sidan det er avdekt at Inn på tunet er både lite kjent og lite brukt i vidaregåande opplæring, var det innleiingsvis fokus på garden som ressurs for læring og meistring. Informasjonen vart formidla både ved orientering av Inn på tunet Møre og Romsdal, og gjennom film frå ein tilbydar.

Oppfølgingstenesta for Nordre Sunnmøre fortalte så om sine erfaringar ved bruk av Inn på tunet-tenester. Oppfølgingstenesta har normalt sett ikkje midlar til kjøp av tenester. Men med ekstraordinære midlar i koronaperioden kunne dei kjøpe Inn på tunet-tenester til ei ung jente med sosiale vanskar, som sleit med å møte på skulen. Gjennom eit Inn på tunet-tilbod greidde ho gradvis å kome tilbake på skulen, og er no lærling i ei bedrift.

Vidare fortalte Tingvoll vidaregåande skole om sine erfaringar med Inn på tunet. Hausten 2021 skulle ein elev, som har hatt eit Inn på tunet-tilbod ein dag for veka sidan 4. klasse, starte på skulen. Det var eit sterkt ynskje frå elev og føresette om at han skulle fortsette med det. Tingvoll vidaregåande skule hadde aldri hatt elevar i eit Inn på tunet-tilbod før, men valte å redusere ansattressursane sine slik at dei kan kjøpe Inn på tunet-tenester.

Denne eleven og hans føresette formidla gjennom ein film kva det betyr for han å få dette Inn på tunet-tilboden. Vi fekk høyre korleis han opplever læring og meistring gjennom praktisk arbeid og stell av dyr.

Deretter presenterte Oxford Research rapporten om mogelegheitene for bruk av Inn på tunet som alternativ opplæringsarena. Avslutningsvis vart det sett fokus på kva som må til for auka bruk av Inn på tunet i vidaregåande opplæring.

Det var om lag 220 påmelde til den digitale sluttkonferansen, som i etterkant også fekk tilsendt optak. Konferansen vart sendt frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal sitt studio, fasilitert av eigne tilsette.

Programmet for sluttkonferansen:

- Helsing frå Landbruks- og matminister Sandra Borch
- Velkommen
  - Else May Norderhus, Statsforvaltar i Møre og Romsdal
- Garden som ressurs for læring og meistring
  - Solveig Haglund, Inn på tunet Møre og Romsdal
  - Film frå Stall Stølan, Tingvoll
- Erfaringar ved bruk av Inn på tunet i Oppfølgingstenesta i Møre og Romsdal Fylkeskommune
  - Eva Marie Kvalvik, koordinator i Oppfølgingstenesta for Nordre Sunnmøre
- Tingvoll vidaregåande skole fortel om sine erfaringar med bruk av Inn på tunet
  - Bjørn Rolland, fagleiar Tingvoll vidaregåande skole
- Inn på tunet - læring, meistring og trivsel
  - Film der ungdom og pårørande fortel
- Mogelegheitene for bruk av Inn på tunet som alternativ opplæringsarena – presentasjon av kartlegging i Møre og Romsdal
  - Oxford Research
- Kva må til for auka bruk av Inn på tunet i vidaregåande opplæring?
  - Henrik Stensønes, politikar og leiar av kultur- næring og folkehelseutvalet, og Jorunn Dahle, Møre og Romsdal Fylkeskommune

## Erfaringar frå bruk av Inn på tunet til ungdom med rett på vidaregåande opplæring

Det er kartlagt at følgjande aktørar har kjøpt Inn på tunet-tenester i løpet av prosjektperioden:

- Sunndal vidaregåande skole (avslutta våren 2021)
- Tingvoll vidaregåande skole (frå hausten 2021)
- Oppfølgingstenesta i Møre og Romsdal Fylkeskommune (2021-2022)

- NAV Molde med mentortilskot til tilbydar (pågåande)

## Sunndal vidaregåande skole

Erfaringar frå Sunndal vidaregåande skole v/Ingunn Forseth Haugen, ansvar spes ped:

«Utgangspunktet for at vi brukte Inn på tunet var at vi hadde behov for et tilbud til to elever med spesielle behov, der de fikk praktiske oppgaver og variasjon.

Vi valgte tilbuddet på grunn av tjenestene de tilbød, passet behovet for våre brukere. Elevene var med på stell av hester, arbeid med diverse praktiske oppgaver i forhold til hestene og kjøretøy, da kjøretøy var interessen til en av elevene. Vi hadde samtaler med drivere, leverte og hentet elevene. Fikk derfor informasjon hele tiden.

Vi avviklet tilbuddet på grunn av kostnader. Dette mener vi var synd, men dette ble for dyrt for skolen. Vi har ikke vurdert andre tilbud, da disse eleven trenger tett oppfølging, og det fikk de gjennom tilbuddet Inn på tunet.

Vi mener at dette absolutt er et alternativ til opplæring.»

## Tingvoll vidaregåande skole

Erfaringar frå Tingvoll vidaregåande skole v/Bjørn Rolland, fagleiar/rådgjevar:

«Innkjøpsprosess: Her er det viktig at dette blir tatt hensyn til tidlig i planlegginga av skoleåret for eleven dette gjelder. Det må dimensjoneres slik at Inn på Tunet har opplæringa av eleven denne dagen.

Kriterier ved valg av leverandør: I vårt tilfelle har elev allerede knyttet seg til en tilbyder gjennom tidligere bruk.

Økonomi – finansiering: Vi bruker en dags opplæring på Inn på tunet. Skolen bruker ikke andre ressurser på eleven denne dagen.

Transport: Blir løst ved at enten blir elev kjørt av foreldre, eller Inn på tunet-tilbyder henter elev.

Hvilket type tilbud er valgt: Her er en stall med mange forskjellige dyr valgt. Dette gir allsidighet i opplegget, og elev får være med på mange forskjellige arbeidsoppgaver, både ved stell av dyr og andre oppdrag ved et gårdsbruk.

Faglig og sosialt innhold og utbytte for eleven: Elev får et godt faglig opplegg ut fra kompetanse-mål i fagene skolen tilbyr. Dette blir godt ivaretatt av leder for stallen. Her er det et tett samarbeid skole/stall. Eleven får et godt sosialt utbytte ved å arbeide på stallen. Han må forholde seg til leder, og greier å samarbeide med andre som er på gården. Han må også ta seg av kunder som kommer til stallen.

Kostnad og kvalitet ved bruk av Inn på tunet sammenlignet med tilsvarende tilbud: Vi har valgt dette tilbuddet fordi det kvalitetsmessig absolutt matcher tilbuddet vi kunne fått til ved skolen. Tilbuddet koster, og dette vil nok være en utfordring for mange, men vi velger å tilby dette, og dimensjonerer tilbuddet med miljøarbeider og lærer ut fra det. I tillegg er det et ønske fra både elev og foreldre.»

## **Oppfølgingstenesta i Møre og Romsdal Fylkeskommune**

Innspel og erfaringar frå Oppfølgingstenesta v/Rose Mari Skarset, seksjonsleiar:

«Inn på tunet som et tilbud for ungdom som står utenfor opplæring eller arbeid:

De videregående skolene i Møre og Romsdal gjør et svært godt arbeid med å tilby tilpasset opplæring som gjør at de aller fleste elevene blir i skolen og ikke avbryter opplæringen.

Likevel er det elever som strever så mye at de velger å avslutte skolegangen, eller i alle fall sette den på pause.

Statistikken viser at mange av disse elevene sliter med utfordringer knyttet til psykisk helse. Problemene begynner ikke i det de starter på videregående skole, men har også vært der i ungdomsskolen og kanskje også i barneskolen. Årsaksbildet er så mangfoldig at det ikke går an å generalisere. Det som er viktig å vite er at de ikke greier å gå på skolen.

Disse ungdommene kommer til oppfølgingstjenesten (OT) i fylkeskommunen. OT sitt ansvar er å identifisere, følge opp og veilede alle ungdommer som har behov for det. OT kan hjelpe ungdommene til å komme i kontakt med tjenester de har behov for, eksempelvis NAV, barnevernet eller behandlingsapparatet. Det finnes mange som har ansvar for sårbar ungdom.

OT i Møre og Romsdal har et eget tiltak som heter I Ung. Dette er et lavterskelttilbud som har som mål å motivere, karrierereveilede og tilby praksis til ungdom slik at de finner sin vei og kommer tilbake til videregående opplæring.

Noen ungdommer er ikke i stand til å benytte seg av I Ung. For disse kan Inn på tunet være et alternativ.

I løpet av prosjektperioden har vi gitt to ungdommer muligheten til et skreddersydd tilbud hos to Inn på tunet-tilbydere. Dette har vært veldig godt for de som har vært så heldige å få tilbuddet.

Vi ser at Inn på tunet kan være et riktig tilbud for noen ungdommer. Utfordringen er finansiering, da OT har ikke egne ressurser.

Det er også viktig å se på hvem som har ansvar for behandling og tiltak for de ungdommene som ikke går i videregående skole.»

## **Vurdering av kriterie for måloppnåing**

Det er i [Regelverk for pilotmidler til Inn på tunet-løftet 2](#) sett fylgjande kriterie for måloppnåing:

- *Det er kartlagt hvilke utfordringer innkjøper møter ved førstegangsinnkjøp av IPT-tjenester, herunder innkjøpskompetanse og forankring hos rådmenn og kommunesjefer.*
- *Det er kartlagt hvilke kriterier som blir vektlagt ved valg av IPT leverandører.*
- *Det er gjort en vurdering av kostnadene og kvaliteten ved bruk av IPT-tjenester sammenlignet med tilsvarende tilbud.*

Vi har i prosjektet ikkje lukkast med å gjennomføre pilot på kjøp av Inn på tunet-tjenester. Dette skuldast mellom anna at det er fleire aktørar rundt ein ungdom som har rett på vidaregåande opplæring, og at det kan oppstå spørsmål om kven som bør ta ansvar for kjøp av tenester som t.d. Inn på tunet.

Det var i prosjektet også planlagt å få ei vurdering av kostnadane og kvaliteten ved bruk av Inn på tunet-tenester samanlikna med tilsvarande tilbod, gjennom intervju og spørjeundersøking til aktørar som nyttar tenestene. Dette let seg heller ikkje gjere, då det vart avdekt at Inn på tunet-tenester er svært lite brukt i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal.

Basert på Oxford Research si kartlegging av mogelegheitene for bruk av Inn på tunet som alternativ opplæringsarena, og arbeidet i prosjektet, vil vi setje fokus på fylgjande utfordringar, samt forslag til løysingar:

## Utfordringar ved fyrstegongsinnkjøp

### Kjennskap til Inn på tunet

- Oxford Research si kartlegging viser at berre ein tredjedel av respondentane kjenner til Inn på tunet som ein alternativ opplæringsarena. Det er manglande kjennskap til tilbodet generelt, men også korleis tilbodet fungerer i praksis, pedagogisk og som fagleg del av den vidaregåande opplæringa.
- Basert på erfaringar frå prosjektet, bør Inn på tunet eksplisitt framhevast som tiltak og verkemiddel i sentrale planar og strategiar på skule- og oppvekstområdet. Inn på tunet bør peikast på både som alternativ opplæringsarena og som aktuelt tiltak for ungdom som har rett på vidaregåande opplæring. Det er behov for eit mangfold i verktøykassa, som tillegg til eksisterande tilbod.
- Kompetanse om Inn på tunet bør også formidlast i utdanningsløpet til fagpersonar i skulen.

### Økonomi

- Kartlegginga til Oxford Reserch viser at økonomi er den største hindringa for bruk av Inn på tunet som alternativ opplæringsarena. Ei mogeleg løysing kan vere ei eiga finansieringsordning eller søkbare midlar for bruk av alternative opplæringsarenaer. Alternativt må skulen vurdere eigen ressursbruks, som t.d. Tingvoll vidaregåande skule som har valt å redusere ansattressursar for å frigjere midlar til kjøp av Inn på tunet-tenester.
- Oppfølgingstenesta har normalt sett ikkje tilgjengeleg midlar til t.d. kjøp av Inn på tunet-tenester. Det har i prosjektet kome tydelege signal på at Oppfølgingstenesta burde ha det, til ungdomar som har bruk for alternativ til formell opplæring eller arbeidspraksis, jf mellom anna intervju med Oppfølgingstenesta under sluttkonferansen.

### Innkjøpskompetanse

- Kartlegginga til Oxford Research syner at innkjøpsrutiner er ei barriere for kjøp av Inn på tunet-tenester, truleg knytt til både ressurskrevande prosessar og kjennskap til rammer, lovverk, avtalar, fagleg kvalitet og innhald, m.m. Dersom alternativet er eigne rutiner, ansattressursar og lokaler/basar som skulen sjølv rår over, kan ein innkjøpsprosess verte ein barriere.
- Det kan vere ei mogelegheit å etablere eit pilotprosjekt for å teste ut kjøp av Inn på tunet-tenester. Ein pilot kan vare i inntil to år, før det vert krav om konkurranseutsetjing.

- Tingvoll vidaregåande skole og Oppfølgingstenesta sine erfaringar med bruk av Inn på tunet som er skildra i rapporten, er døme på enkle anskaffelsar. Prosjektet sitt inntrykk er at dette ikkje er uvanleg praksis ved kjøp av Inn på tunet-tenester.

## **Geografisk plassering og avstand**

- Geografisk plassering og avstand mellom skulen og tilbydar kan vere i utfordring, kjem det fram i rapporten frå Oxford Research. Elevar har rett på skuleskyss og mogelegheiter for transport kan difor vere ei utfordring. Om ungdomen er i stand til å nytte kollektiv transport, om der er kollektiv transport til tilbydaren og om tilbydar har tilbringarteneste vil vere moment her.
- Koordinering og oppfølging av eleven frå skulen kan også vere ei utfordring med geografisk avstand. Det er skulen sitt ansvar å følgje opp eleven.

## **Fagleg kvalitet i tilbodet**

- Fagleg innhald tilbodet må definerast, knytt til kompetanse mål og læreplan. Eit Inn på tunet-tilbod kan dekke fleire av læringsmåla. Prosessen med avklaring og definering av læringsmål og -aktivitetar krev god kommunikasjon mellom tilbydar og skule. Dette er skildra i den nasjonale rettleiaren kalla «Inn på tunet - gården som læringsarena for barn og unge». Det er viktig med godt samarbeid mellom aktørane rundt ungdomen, som skule, tilbydar, pårørande og andre, for kunne skreddarsy aktiviteten til ungdomen sitt behov.
- Det er viktig for kjøpar med dokumentasjon for å synleggjere oppfylling av læringsmål og kompetansekrav.

## **Kriterie ved val av Inn på tunet-leverandør**

- Geografisk plassering og avstand mellom skulen og tilbydar, knytt til mogelegheiter for transport, samt koordinering av oppfølging av eleven frå skulen, jf kartlegginga.
- Både pedagogisk kompetanse og fagkompetanse hos Inn på tunet-tilbydarane vert trekt fram som viktig hos respondentane i kartlegginga til Oxford Research. At tilbodet er bunde opp til kompetanse mål og læreplan vert peika på som avgjerande for å kunne nytte Inn på tunet-tilbod.
- Tilbydar sin personlege egnethet for å jobbe med barn og unge er eit viktig element.
- Eleven si eiga interesse for å delta på eit Inn på tunet-tilbod, samt tilpassing til eleven sine behov, er i fylge kartlegginga til Oxford Research eit vesentleg kriterie for å bruke alternative opplæringsarenaer. Tilbodet bør vere del av ein heilheitleg plan, utarbeidd av skulen, eleven, dei føresette og andre instansar.

## **Kostnad og kvalitet ved bruk av Inn på tunet-tenester**

- Oxford Reserach peikar på at det er lite systematisk kunnskap om brukareffektane ved Inn på tunet som alternativ opplæringsarena, både i vidaregåande skule og grunnskulen. Det er behov for dokumentasjon og oppsummering av kunnskap for å gje skuleeigar og skulane eit grunnlag for å vurdere Inn på tunet som aktuelt tilbod.

- I kartlegginga til Oxford Research kjem det fram at alternativt tilbod ofte er eigne ansattressursar med ulik fagleg bakgrunn og eigne lokale eller basar som skulen sjølv rår over. Dette er også nemnt av Tingvoll vidaregåande skole i deira skildring av erfaringane med Inn på tunet. Praksisplassar og utplassering i lokale bedrifter kan også vere alternative tilbod, og då utan ekstra kostnad for skulen.

## Andre funn

- Inn på tunet-tilbydarar kan vere godkjende lærebedrifter. Dette er truleg ikkje godt kjent, verken hos tilbydarar eller i den vidaregåande opplæringa. Det vert ytt tilskot til lærebedrifta på p.t. kr 167 000 per kontrakt. I tillegg kjem evt ekstra midlar til støtte for læringen/læreandidaten.
- Tidleg innsats er svært viktig, både knytt til alder og grad av utfordringar. Når det gjeld alder, fortel informantar om ungdom som har utfordringar før dei kjem i vidaregåande opplæring, og som knapt har fullført ungdomsskulen. Desse har behov for oppfølging allereie i grunnskulen. Også overgangen frå grunnskule til vidaregåande opplæring kan vere utfordrande. I forhold til grad av utfordringar, er det behov for tidleg innsats, førebygging og oppfølging for å hindre fråfall. Der kan t.d. Inn på tunet vere eit pusterom og ein arena for å oppleve meistring – som kan motivere til vidare skulegang. Fullført grunnskule og vidaregåande skule har stor tyding både for enkeltpersonar og samfunn, for å hindre utanforskap i arbeidslivet.

## Prosjektrekneskap

Rekneskap for prosjektet fylgjer nedanfor:

	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Rekneskap 2021	Budsjett 2022	Rekneskap 2022	Sum rekneskap
Personalkostnader prosjektleiing og møtegodtgjersle	96 000	1 441 800	564 331	634 200	432 231	996 562
Personalkostnader - eigeninnsats Statsforvaltaren			87 403		107 972	195 375
Reisekostnader		19 200		11 200	3 111	3 111
Møtekostnader arb gruppe og styringsgruppe		12 000		14 000		0
Webinar for innkjøparar - føredragshaldarar og fasilitator		70 000	79 400			79 400
Workshops med bistand frå ProtoMore Innovasjonslab		220 000	126 000			126 000
Kartlegging av kostnad og kvalitet ved IPT-tenester		250 000				0
Kartlegging av IPT utført av Oxford Research					300 000	300 000
Informasjon til vg skular - bistand frå Fjordhagen AS					8 761	8 761
Fagdag lovverk og fagleg kvalitet		70 000				0
Fagdag for IPT-tilbydarar - lokale og føredragshaldarar				63 000	26 772	26 772
Sluttkonferanse - film og føredragshaldarar				90 000	132 435	132 435
<b>Sum</b>	<b>96 000</b>	<b>2 083 000</b>	<b>857 134</b>	<b>812 400</b>	<b>1 011 282</b>	<b>1 868 416</b>

Merknader:

- Budsjettpostane for 2022 var feil summert i søknaden. Sum skal vere kr 812 400, ikkje kr 722 400 som omsøkt. Samla budsjett vert etter dette kr 2 991 400, og ikkje kr 2 901 400 som omsøkt. Dette er retta opp no.

- Statsforvaltaren hadde ingen bokførte utgifter til prosjektet i 2020. Personalkostnader for 2021 inkluderer personalkostnadene for 2020.
- Personalkostnader er lågare enn budsjettet på grunn av at færre bidragsytarar enn forventa har krevd godtgjersle. Vidare vart workshops og alle møter i arbeidsgruppa og styringsgruppa digitale, noko som ga meir effektiv tidsbruk.
- Reisekostnader lågare enn budsjettet på grunn av digitale møter.
- Møtekostnader: Ingen kostnader til lokale og servering på grunn av digitale møter.
- Kartlegging av kostnad og kvalitet ved bruk av Inn på tunet-tenester: Var planlagt utført gjennom intervju og spørjeundersøking til aktørar som nyttar tenestene. Dette let seg ikkje gjere, då det vart avdekt at Inn på tunet-tenester er svært lite brukt i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal.
- Kartlegging av mogelegheitene for bruk av Inn på tunet som alternativ opplæringsarena hos dei vidaregåande skulane i Møre og Romsdal låg ikkje inne som tiltak i opprinnelig prosjektplan.
- Informasjon om Inn på tunet til vidaregåande skular i Møre og Romsdal låg ikkje inne som tiltak i opprinnelig prosjektplan.
- Fagdag med fokus dialog om lovverk og fagleg kvalitet med mogelege kjøparar og aktørar som kan initiere kjøp av IPT-tenester, samt etablerte og interesserte IPT-tilbydarar, gjekk ut. Dette på grunn av at det var vanskeleg å få testa ut/pilotere kjøp av Inn på tunet tenester i den vidaregåande opplæringa som ynskjeleg.
- Sluttkonferansen vart arrangert digitalt, frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal sitt studio, fasilitert av eigne tilsette.

## Finanisering

	2020	2021	2022	Sum
Eigenandel Statsforvaltaren, 10 % av prosjektleiarstillinga		87 403	107 972	195 375
Møre og Romsdal Fylkeskommune, 10 % av kostnaden på kr 1 673 041 (fråtrekt Statsforvaltaren sin eigenandel)		76 973	90 331	167 304
Landbruksdirektoratet, pilotmidlar Inn på tunet		692 758	812 979	1 505 737
<b>Sum</b>	<b>857 134</b>	<b>1 011 282</b>	<b>1 868 416</b>	
Delutbetaling Landbruksdirektoratet			-722 157	-722 157
Sluttutbetaling Landbruksdirektoratet				783 580